



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

Forsvarsdepartementet
Boks 8126

0032 OSLO

Vår ref.
12/1128-X12/ANAB

Dykkar ref.

Dato:
03.02.2012

Uttale frå Ørskog kommune til Langtidsplan for forsvaret vedk. Forsvarssjefen sitt framlegg om å legge ned Heimevernsdistrikt 11

Heimevernet har vore og er eit viktig element innan militær og sivil beredskap i landet vårt – slik også i vårt distrikt (HV 11). Rask mobilisering lokalt i samband med beredskap ikkje minst knytt til sivile oppgåver har kjenneteikna HV sin organisasjon.

Vi kan trekkje fram ei rekkje oppgåver – store og mindre omfattande – der HV-styrkar har gjort ein formidabel innsats for å sikre liv og eigedom.

Vi er inne i ei tid der framlegg om sentralisering, omorganisering og nedlegging er aktuelle problemstillingar også innan HV-(Jf Forsvarssjefen sitt framlegg). Ørskog kommune vil med dette uttrykke si bekymring i høve den beredskapsmessige situasjonen for kommunen og regionen elles ved ei ev. nedlegging av HV 11.

Ørskog kommune er ein del av eit geografisk område som har særeigen topografi, og følgjeleg ein kompleks og utsett infrastruktur. Dette, kombinert med at kystområda på Nordvestlandet er særleg utsett for ekstreme vertypar, gjer at god beredskap er viktig. Noko som vart godt synleg både ved nyårsorkanen i 1992 og orkanen "Dagmar" i 2011.

Ørskog kommune er mellom dei kommunane som kan bli sterkt råka av flodbølgjer som følgje av eit eventuelt ras frå Åkneset. Ras frå dette fjellet vil få dramatiske konsekvensar for heile det kringliggjande området, men sentrumsområdet Sjøholt i Ørskog kommune er særleg utsett fordi det ligg i den berekna oppskyljingssona samstundes som der til vanleg er forholdsvis stor folkemengd som oppheld seg.

Om slike store naturkatastrofar, ulukker eller andre kriser skulle ramme lokalsamfunna, vil ikkje små kommunar, som Ørskog, ha noko omfattande apparat å sette inn for å løyse utfordringane. Eit heimevern med god lokalkunnskap og lokal tilknytning er difor svært viktig å oppretthalde.

Det er berre Heimevernet som kan stille tilstrekkeleg kapasitet på ulike område raskt nok når fare av ulik art truar. Ørskog kommunestyre ser det difor som eit tilbakesteg i utviklinga av samfunnstryggleiken å dele Heimevernet si leining av landsdelen mellom Værnes og Bergen. Lokalkunnskap og kompetanse til rett tid på staden er avgjerande for at Heimevernet skal kunne løyse oppdrag i krig og kriser.

Vi forventar støtte frå Heimvernet når fare truar og lokalsamfunnet treng hjelp. Med endring av strukturen som foreslått vil dette bli sterkt svekka om ikkje øydelagt.

Ørskog kommunestyre har drøfta saka og vil på det sterkaste tilrå at Heimevernet ikkje vert svekka – m.a. gjennom nedlegging av HV-11.

Med helsing

Thorbjørn Fylling
Ordførar

